

NOTERT



Antonio Tajani.

FOTO: LARS-ERIK HAUGE, EU-DELEGASJONEN

NÆRINGSBLIV

EU roser nordisk konkurransevne

* De tre nordiske EU-landene gjør det godt når Unionen vurderer industriens konkurransevne.

EU-landene gjør fremskritt i arbeidet med å bedre forretningsklimaet, eksporten og bærekraften for industrien, men flere problemer gjenstår, heter det i Unionens rapport om de 28 medlemslandenes industrielle konkurransevne.

Mens Sverige og Danmark havner i «bestiklassen»-kategorien, ligger Finland i kategorien etter der det fortsatt trengs noen reformer. EUs næringskommissær Antonio Tajani liker ikke de store forskjellene mellom medlemslandene og frykter at Unionens industri samlet taper terreng på produktivitet.

Utenforlandet Norge er ikke med i EU-oversikten. Det internasjonale pengefondet IMF har tidligere advart at norsk industri som ikke er oljerelatert, er under økende press på grunn av høye kostnader og svekket konkurransevne. ©NTB

ROVDYR

Bjørnejeger draps-trues etter jakt

* Lørdag felte en 27 år gammel mann en bjørn under en lisensjakt i Stor-Elvdal i Hedmark. I ettertid har han blitt både drapstruet og hetset på internett.

27-åringen ønsker ikke selv å bli intervjuet om saken fordi han er redd det vil føre til mer hets og trusler, men NRK melder at de vet at mannen har mottatt drapstrusler via Facebook. Han vurderer å anmelde de groveste truslene. Statens naturoppsyn minner om at lisensjakten er lovlig og tar avstand fra truslene som har kommet mot 27-åringen. ©NTB

SAMFERDSLE

To ras i døgnet på vestlandsvegane

* Riks- og fylkesvegane i Hordaland og Sogn og Fjordane er dei mest rasutsette vegane her i landet. Heile 7.800 gonger dei siste ti åra har det rasa.

Ifølgje Bergens Tidende har det gått 4.767 ras på vegane i Sogn og Fjordane og 3.044 i Hordaland. Den mest utsette strekninga er fylkesveg 242 ved Skjerdalsberget i Aurland. Her har det gått 123 ras dei siste ti åra. ©NPK

* MATMAKT

Lærer EU-aktører norsk matlovarbeid

Leiarane av Matkjedeutvalet og Daglegvarelovutvalet skal til Brussel for å informere EU-institusjonar og matbransjeaktører om norsk matlovarbeid.

EU-kommisjonen kartlegg for tida eksisterande lovgiving om matmakt for å vurdere moglege alternativ til korleis EU skal takle urett handelspraksis.

I november dreg norske matmaktaktører til Brussel for å informere om Noregs arbeid med lov om god handelsskikk. Det seier Einar Steensnæs, som leidde det norske Matkjedeutvalet.

Saman med Daglegvarelovutvalets leiar Erling Hjelmeng skal han innleie på eit matmaktseminar der rundt 50 representantar for EU-institusjonar og matbransjeorganisasjonar er inviterte.

– Grunnen til at vi vil formidle dei norske erfaringane, er at vi har kome eit godt stykke lenger i matmaktarbeidet enn det EU har. Hjelmeng-utvalet har i tillegg klart å formulere eit forslag til lovgiving som har brei oppslutning frå dei ulike aktørane og organisasjonane i matvarebransjen. Det er interessant for aktørane i EU, der dei strevar med dei same problemstillingane som oss, men der det har synt seg vanskeleg å få

partane til å einast om ei løysing, seier Steensnæs.

Inga semje i EU

EU-kommisjonen starta i desember i fjor starta konsekvensutgreiing av eksisterande matmaktlovgiving. Årsaka var at dei europeiske matbransjeorganisasjonane ikkje hadde greidd å kome til semje om felles køyrereglar for samarbeid i verdikjeda for mat.

Medan fleire av bransjeorganisasjonane gjekk inn for ei bransjestyrt og frivillig ordning for god handelsskikk, meinte blant

andre den europeiske bondeorganisasjonen Copa Cogeca og bransjeorganisasjonen for kjøtindustrien, Clitravi, at frivillige ordningar er for svake og lite truverdige.

Kommisjonen meinte likevel at ei frivillig løysing det var semje om i matbransjen var å føretrekke framfor lovregulering, og gav bransjeorganisasjonane ny frist til hausten 2013 på å einast. Det har dei ikkje greidd. Det vart klart då berre 7 av dei 11 involverte matbransjeorganisasjonane førre veke presenterte eit nytt frivillig initiativ for fremjing av god handelsskikk.

Copa Cogeca og Clitravi er framleis ikkje med på det frivillige initiativet. Det er heller ikkje den europeiske samanslutninga for små og mellomstore bedrifter, UEAPME. Ifølgje European

Fakta

Matmaktarbeid i EU

* EU-kommisjonen etablerte i 2010 eit rådgivande høgnivåforum for ein betre fungerande verdikjede for mat.

* **Forumet skal bidra** til å takle urettvis handelspraksis som følgjer av skeive kontraktar og skilnad i forhandlingsmakt mellom leverandørar og kjøparar i matvarekjeda.

* **11 bransjeorganisasjonar** vart sett til å greie ut for og føreslå nødvendige tiltak. Dei har ikkje greidd å einast.

* **I desember 2012** starta EU-kommisjonen kartlegging av eksisterande lovgiving om matmakt.

Voice har ein koalisjon av europeiske konsumentanslutningar også markert avstand til initiativet.

Ventar ikkje kopi

Steensnæs er Noreg sin observatør i EUs høgnivåforum for ein betre verdikjede for mat, der dei europeiske matbransjeorganisasjonane møter EU-kommisjonen og representantar for EU-medlemslanda. Han seier det er stor interesse i EU for det norske initiativet.

I Noreg er det foreslege å innføre lov om god handelsskikk og å opprette eit uavhengig handelstilsyn.

– Eg ventar ikkje at EU skal kopiere den norske løysinga, men det er i alle fall interessant for dei ulike institusjonane og organisasjonane å få høyre om det vi gjer, seier Steensnæs.

EVA AALBERG UNDHEIM

eva.undheim@nationen.no



Informasjon: I november dreg Einar Steensnæs, som leidde Matkjedeutvalet, og Erling Hjelmeng, som leidde Daglegvarelovutvalet, til Brussel for å halde seminar om Noregs arbeid med lov om god handelsskikk. Seminaret vert arrangert av Landbruks- og matdepartementet.



FOTO: SIRI JUELL RASMUSSEN OG EVA AALBERG UNDHEIM

HAR KOME LENGER

«Vi har kome eit godt stykke lenger i matmaktarbeidet enn det EU har.»

EINAR STEENSNÆS
LEIAR AV MATKJEDEUTVALET

Fikk 40 millioner i valgkampbidrag

POLITIKK

De ni partiene som blir representert på det nye Stortinget mottok totalt over 40 millioner kroner i valgkampbidrag. Nesten halvparten kom fra arbeidstakerorganisasjoner.

De endelige tallene over støtte til partienes valgkamp i årets valg er nå klare. Oversikten fra Statistisk sentralbyrå viser at det totalt ble innbetalt 40.452.286 kroner i valgkampstøtte. Snaut 19,5 millioner kroner var fra organisasjoner i arbeidslivet.

Ikke overraskende er det de to største partiene, Arbeiderpartiet og Høyre, som har mottatt mest støtte med henholdsvis 12 og 11 millioner kroner. Mens Ap har fått nesten alt fra arbeidstakeror-

ganisasjoner (LO, Fagforbundet og Fellesforbundet står alene for 11 av de 12 millionene), har Høyre fått all støtte fra næringsliv og privatpersoner.

Arbeidsgiverorganisasjonene har ikke gitt noe partistøtte.

Også SV og Sp har fått mye støtte fra arbeidstakerorganisasjonene, mens Venstre og Rødt har fått mesteparten av sin valgkampstøtte fra privatpersoner. Hos SV opererer man med en egen partiskatt der partitoppene automatisk bidrar med en betydelig andel.

Hele 70 prosent av bidragene gikk til Ap, Høyre og SV. Miljøpartiet De Grønne hanket alene inn nærmere 2,5 millioner kroner, hvorav nesten 1 million kroner kom fra private.

Det er første gang det publiseres

statistikk over bidrag til de politiske partiene i forbindelse med valgkampen. Bidrag under 10.000 kro-

ner fra privatpersoner er ikke inkludert, da partiene ikke er pliktige til å oppgi disse summene. ©NTB

Fakta

Valgkampbidrag 2013

* **Partienes mottatte valgkampstøtte** for stortingsvalget 2013. Bare overføring av 10.000 kroner er med i oversikten.

* **Tallene er fra venstre:** Total støtte, støtte fra private, støtte fra arbeidstakerorganisasjoner og støtte fra andre/næringsliv. Sortert etter totalbeløp.

Arbeiderpartiet:	12.125.000	10.000	12.115.000	0
Høyre:	11.160.000	3.418.000	0	7.742.000
SV:	5.121.346	1.321.346	3.800.000	0
Sp:	3.727.417	312.417	3.415.000	0
Frp:	3.650.000	1.566.000	0	2.084.000
MDG:	2.586.345	948.345	0	1.638.000
Venstre:	1.511.000	1.162.000	0	349.000
Rødt:	470.778	260.778	210.000	0
KrF:	100.000	25.000	0	75.000

Kilde: Statistisk sentralbyrå. ©NTB